



**SULDAL FOR BARN OG UNGE**

# **Kvalitetsvurderingssystem for Suldalsskulen**

Levekårsutvalet 25. januar 2011

Kommunestyret 1. februar 2011

Redesign og oppdatering av informasjon 2018



## Innhold

1. Innleiing .....	5
2. Hensikt med kvalitetsvurderingssystemet .....	6
3. Element i kvalitetsvurderinga .....	6
4. Avdekking av manglar/lovbrot.....	7
5. Ansvar for gjennomgang, oppdatering og bruk .....	8
6. Lovar, reglar og styringsdokument.....	9
7. Organisasjonskart.....	10
8. Mynde (delegasjon) .....	11
9. Ansvar og roller.....	11
10. Kompetanse.....	16
11. Informasjonsflyt, rapportering og tilbakemeldingar .....	18
13. Rette opp og forbetre .....	18
14. Årskalender.....	19
15. Sjekkliste for opplæringslova med forskrifter .....	21



## 1. Innleiing

Opplæringslova § 13-10 andre ledd seier at:

*Kommunen [...] skal ha eit forsvarleg system for vurdering av om krava i opplæringslova og forskriftene til lova blir oppfylte. Kommunen [...] skal ha eit forsvarleg system for å følgje opp resultatane frå desse vurderingane og nasjonale kvalitetsvurderingar som departementet gjennomfører[...]. Som ein del av oppfølgingsansvaret skal det utarbeidast ein årleg rapport om tilstanden i grunnskoleopplæringa [...] knytt til læringsresultat, fråfall og læringsmiljø. Den årlege rapporten skal drøftast av skoleeigar dvs. kommunestyret [...].*

Kravet til eit slikt system er gitt i "Veileder om kravet til skoleeiers "forsvarlige system" i henhold til opplæringsloven § 13-10". (Sjå <http://www.udir.no/Veiledere/>)

Systemet skal vere skriftleg og innehalde:

- Oversyn over lovar, regelverk og relevante styringsdokument
- Oversyn over hovudoppgåver, organisering og mynde
- Rutinar for å sikre kompetanse til å vurdere regelverket og ivareta oppgåvene
- Rutinar for å sikre informasjonsflyt, rapportering og tilbakemeldingar
- Rutinar for å vurdere tilstand og avdekke manglar/lovbrot
- Rutinar for å rette opp og forbetre
- Rutinar for å følgje opp kvalitetsvurderingar
- Rutinar for oppfølging av kritiske område
- Leiingsansvar for gjennomgang, oppdatering og bruk av systemet

## **2. Hensikt med kvalitetsvurderingssystemet**

- Å bidra til innsyn og dialog om skulen.
- Å danne grunnlag for lokalt utviklingsarbeid.
- Å gi utdanningssektoren dokumentert kunnskap om tilstanden i skulen lokalt og nasjonalt, som grunnlag for avgjerder og vedtak om skulen.

## **3. Element i kvalitetsvurderinga**

Kvalitetsvurderingssystemet er å sjå på som ein rutine i kommunen sitt internkontrollsystem.

Vurderinga baserer seg på følgjande hovudelement:

1. Obligatoriske *nasjonale* kartleggingsprøvar
2. Obligatoriske *kommunale* kartleggingsprøvar
3. Nasjonale prøvar
4. Eksamenskarakterar
5. Grunnskulepoeng
6. Elevundersøkinga
7. Tal på enkeltvedtak som gjeld elevmiljø (Opplæringslova §9-a)
8. Foreldreundersøkinga
9. Intern vurdering
10. Ekstern vurdering (kvart 4. år)
11. Omfanget av spesialundervisning

### **Vurdering for kommunen samla**

Det blir gjennomført vurdering av hovudelementa samla for alle skulane i Suldal kommune. Vurderinga blir samanstillt og presentert i kvalitetsmeldinga som følgjer årsmeldinga (krav i OL §13-10).

### **Vurdering for den einskilde skule**

NB! Det kan vere vanskeleg å vurdere resultat for den einskilde skule med svært små elevgrupper. Slik vurdering må difor gjerast med stor varsemd. Ein må vere obs på reglar for offentleggjering av resultat ved lågt elevtal. Der det er muleg bør skulen internt gå igjennom sine resultat, og vurdere om det bør setjast inn tiltak.

## **4. Avdekking av manglar/lovbrot**

Kvalitetsvurderingssystemet skal vere eigna til å avdekke manglar og lovbrøt. Dette skjer gjennom:

- Tilbakerapportering frå skulane gjennom årsmelding, tertialrapport
- Løpande tilbakemeldingar frå skulane etter initiativ frå kommunalsjef for oppvekst
- Dokumentkontroll (enkeltvedtak o.l.)
- Avviksmeldingar
- Dialogmøte med kvar einskild skule
- Tema/diskusjon på rektormøte
- Medarbeidarsamtalar med rektor
- Tilfeldig kontakt med føresette og tilsette

## **5. Ansvar for gjennomgang, oppdatering og bruk**

Rådmannen har det overordna ansvaret for systemet.

Rektorane og leiar for PPT har ansvar for at systemet blir brukt i skulane og på PPT.

Kommunalsjef for oppvekst har ansvar for at systemet blir gjennomgått, evaluert og revidert, saman med leiarane i oppvekstsektoren ein gang i året. Kommunalsjef for oppvekst vedtek mindre /ikkje prinsipielle endringar administrativt. Systemrevisjon og ny politisk handsaming skal skje kvart 3. år.




## 6. Lovar, reglar og styringsdokument

Dei viktigaste styringsdokumenta for arbeidet i grunnskulen er:

Styringsdokument	Ansvar for etablering av dokument	Ansvar for oppfølging av dokument
<b>Nasjonalt nivå</b>		
Opplæringslova med forskrifter	Kunnskapsdepartementet	Skuleeigar, kommunalsjef for oppvekst, rektor, lærar
Læreplanverket for grunnskulen	Kunnskapsdepartementet	Skuleeigar, kommunalsjef for oppvekst, rektor, lærar
Nasjonale satsingsområde	Kunnskapsdepartementet	Skuleeigar, kommunalsjef for oppvekst, rektor, lærar
Forvaltningslova	Justis- og politidepartementet	Skuleeigar, kommunalsjef for oppvekst, rektor, lærar
<b>Kommunenivå</b>		
Kommuneplanen, langsiktig del	Rådmann, Kommunestyre	Skuleeigar, kommunalsjef for oppvekst
Økonomiplan med handlingsprogram	Rådmann, Kommunalsjef for oppvekst	Skuleeigar, kommunalsjef for oppvekst, rektor
Internkontrollsystemet med rutinar for skule	Kommunalsjef for oppvekst	Skuleeigar, kommunalsjef for oppvekst, rektor, lærar
Plan for kompetanseutvikling i grunnskulen	Kommunalsjef for oppvekst	Kommunalsjef for oppvekst, rektor
<b>Skulenivå</b>		
Lokale læreplanar	Kommunalsjef for oppvekst, Rektor	Rektor
Verksemdsplan	Rektor	Rektor

## 7. Organisasjonskart



## 8. Mynde (delegasjon)

Delegasjon av mynde er skildra i kommunen sitt delegasjonsreglement (rutine i internkontrollsystemet, datert 15.12.1999, og sak om Ny budsjettmodell i formannskap 21.05.02 og kommunestyre 29.05.2002).

Etter omorganisering i 2010 (frå to-nivå til tre-nivå) skal rektorane ha same delegasjon som før, men dei rapporterer til kommunalsjefen for oppvekst og ikkje til rådmannen.

## 9. Ansvar og roller

Det er mange aktørar som har ansvar for elevane si opplæring: skuleeigar (kommunestyre/levekårsutval/rådmann), kommunalsjef for oppvekst, rektor, kontaktlærer/faglærer, foreldre. Elevane har også sjølv eit ansvar. Her er eit oversyn over dei viktigaste rollene dei ulike aktørane har. Lista er ikkje uttømmende.

<b>Politikar</b>	
<b>Aktivitet/ansvar</b>	<b>Tid/omfang/vurdering m.m.</b>
Har det overordna ansvaret for grunnskulen i kommunen ("skuleeigar").	
Legg styringsmessige premiss og økonomiske føringar.	Kvar kommunestyreperiode (kommuneplanen) og kvart år (budsjett med handlingsprogram)
Vedtar utviklingsmål for alle skulane samla	Kvar kommunestyreperiode (kommuneplanen) og kvart år (budsjett med handlingsprogram)
Har ansvar for at skulane har nødvendige rammer til å oppfylle krav i lov og forskrift	Kvart år (budsjett med handlingsprogram)
Får tilbakemelding om måloppnåing (måla i budsjett med handlingsprogram)	Årleg gjennom årsmelding og tertialrapportar
Får tilbakemelding om læringsutbytte og læringsmiljø	Årleg gjennom årsmelding og tilstandsrapport

<b>Kommunalsjef for Oppvekst</b>	
<b>Aktivitet/ansvar</b>	<b>Tid/omfang/vurdering m.m.</b>
Har delegert ansvar frå Rådmannen med overordna ansvar for barnehage, skule, PPT og barnevern. Har personalansvar for stab, rektorar, leiar av oppvekstsenter, barnehagestyrarar.	
Rapporterer til politikarane på mål og tiltak i budsjett og handlingsprogram, læringsutbytte og læringsmiljø.	Årleg gjennom årsmelding, kvalitetsmelding og tertialrapportar
Fordeler ressursar til skulane innanfor vedtatt ramme	Vår
Legg føringar for skulane sitt arbeid gjennom utviklingstiltak, målstyring og resultatvurdering	Jamleg
Organiserer og gjennomfører rektormøte	Jamleg, ca ein gang i månaden
Har møte med kvar einskild skule med fokus på oppfølging av handlingsprogram, utfordringar og utvikling	Årleg (vår) gjennom Dialogmøte: Med skuleleiinga, tillitsvald og verneombod, repr frå tilsette og elevar.
Rettleiar skulane ved behov i spørsmål knytt til lovar og regelverk m.m.	Fortløpande
Har oversyn over og kontrollerer bruken av tildelte ressursar til spesialpedagogiske tiltak, grunnleggjande norsk, morsmålsopplæring og vaksenopplæring.	Fortløpande
Organiserer og gjennomfører samarbeidsmøte med barnehage, PPT, barnevern, helsestasjon, kultur (kulturskule, skulebibliotek), vaksenopplæring, introduksjonsteneste og andre aktuelle samarbeidspartnarar	Felles leiarmøte med barnehage og PPT ein gang i månaden.  Møte med andre etter oppsett plan (sjå plan for tverrfagleg samarbeid) eventuelt ved behov.

<b>Rektor/leiar oppvekstsenter</b>	
<b>Aktivitet/ansvar</b>	<b>Tid/omfang/vurdering m.m.</b>
Har delegert økonomi- og personalansvar, og ansvar for pedagogisk drift og utviklingsarbeid på skulen.	
Rapporterer til kommunalsjef for oppvekst på mål og tiltak i budsjett og handlingsprogram, skulen sine utfordringar, læringsutbytte og læringsmiljø	Årleg gjennom årsmelding og kvalitetsmelding
Utarbeider verksemdsplan for skulen på bakgrunn av tildelte rammer	Årleg
Følgjer opp kommunalt vedtekne rutinar og planar og gjer nødvendige enkeltvedtak	Kontinuerleg
Syter for at rutinar og planar er kjend og lett tilgjengeleg for dei tilsette	Kontinuerleg
Følgje opp opplæringslova § 9a om elevane sitt skulemiljø gjennom førebyggjande og trivselsfremjande arbeid, gjere nødvendige enkeltvedtak og syte for at tiltak blir sett i verk.	Kontinuerleg
Melde frå til barnevern når det er nødvendig. Følgje opp tiltak, gjere nødvendige vedtak og gjennomføre nødvendig samarbeid med andre instansar i forhold til ein skilde elevar med spesielle behov.	Kontinuerleg. Oppvekstteam minst ein gang i halvåret.
Følgje opp kartlegging av minoritetsspråklege elevar og gjere nødvendige enkeltvedtak	Årleg
Har ansvar for at brukarundersøkingar blir gjennomført.	Elevundersøkinga kvart år (februar) Foreldreundersøkinga kvart 3. år
Har ansvaret for gjennomføring av obligatoriske kartleggingar.	Nasjonale prøvar: hausten Kartleggingsprøvar 1., 2. og 3. klasse: våren
Analysere resultat av kartleggingsprøvar og andre resultat, og elevundersøkinga. Har ansvar for å rapportere til kommunalsjefen for oppvekst og setje i verk nødvendige tiltak.	
Gjennomfører tiltak i samsvar med HMS-plan	
Følgje opp ansvarsgrupper	Kontinuerleg

<b>Lærer</b>	
<b>Aktivitet/ansvar</b>	<b>Tid/omfang/vurdering m.m.</b>
Har ansvar for å gjennomføre undervisning etter lov og forskrift, kommunale vedtak, kommunale og lokale planar og rutinar	Kontinuerleg
OL §15-3: <i>Skal utan hinder av teieplikta av eige tiltak gi opplysning til barnevernstenesta når det er grunn til å tru at eit barn blir mishandla i heimen eller når det ligg føre andre former for alvorleg omsorgssvikt, eller når eit barn har vist vedvarande alvorlege åtferdsvanskar.</i>	Ved bekymring
Skal melde frå til rektor ved bekymring som gjeld ein elev si utvikling fagleg eller sosialt, og elles følgje opp rutine for tilpassa opplæring og spesialundervisning	Ved bekymring
Skal særleg følgje opp OL § 9a-4: Aktivitetsplikt for å sikra at elevane har eit trygt og godt psykos\osialt skulemiljø: <i>Dersom nokon som arbeider ved skulen, får kunnskap eller mistanke om at ein elev blir utsett for krenkjande ord eller handlingar som mobbing, diskriminering, vald eller rasisme, skal vedkommande snarast undersøkje saka og varsle skuleleiinga, og dersom det er nødvendig og mogeleg, sjølv gripe direkte inn.</i>	Ved kunnskap om eller mistanke om hending
Følgje opp tiltak og gjennomføre nødvendig samarbeid med andre instansar i forhold til einskilde elevar med spesielle behov.	Kontinuerleg
Har ansvar for samarbeid med heimen Forskrift til O.L. Kap. 20 <i>Foreldresamarbeid i grunnskulen</i>	Kontinuerleg
Nødvendig rettleiing av assistentar/ fagarbeidarar/andre som utfører spesialpedagogiske tiltak mot einskildelevar	Kontinuerleg

<b>Andre tilsette (assistentar, fagarbeidarar og andre)</b>	
<b>Aktivitet/ansvar</b>	<b>Tid/omfang/vurdering m.m.</b>
Følgje opp spesialundervisning under rettleiing frå lærar.	Kontinuerleg
For elevar med spesialundervisning: setje seg inn i eleven sine utfordringar og vanskar.	Kontinuerleg
Følgje opp andre tiltak og opplegg for elevar, klassar eller SFO under rettleiing frå lærar eller leiinga på skulen.	Kontinuerleg

<b>Foreldre/føresette</b>	
<b>Aktivitet/ansvar</b>	<b>Tid/omfang/vurdering m.m.</b>
<p>O.L. § 1-1. <i>Formålet med opplæringa</i>  <i>Opplæringa i skole og lærebedrift skal, i samarbeid og forståing med heimen, opne dører mot verda og framtida og gi elevane og lærlingane historisk og kulturell innsikt og forankring.</i></p> <p>Sjå også Forskrift til O.L. Kap. 20 <i>Foreldresamarbeid i grunnskulen</i></p> <p>Foreldre/føresette må følgje opp eleven m.o.t. heimearbeid, utstyr og anna som er nødvendig. Dei er ansvarlege for at eleven til vanleg er i stand til å møte på skulen og delta i undervisninga. Dei skal vere aktiv part i dialogen med skulen etter behov, og delta så langt det er muleg på kontaktmøte, klasseforeldremøte, aktivitetar som foreldra eller skulen arrangerer. Valde foreldrerepresentantar skal delta i organ for medverknad (foreldrearbeidsutval FAU, samarbeidsutval SU eller skulemiljøutval SMU).</p>	Kontinuerleg

## 10. Kompetanse

I følge opplæringslova §10-8 skal skuleeigar sørge for å ha riktig og nødvendig kompetanse i verksemda. Skuleeigaren skal ha eit system som gir undervisningspersonale, skuleleiarar og personale med særoppgåver i skuleverket høve til nødvendig kompetanseutvikling med sikte på å fornye og utvide den faglege og pedagogiske kunnskapen og å halde seg orientert om og vere på høgde med utviklinga i skulen og samfunnet.

Administrativ kompetanse				
Lovverk	Opplæring	Målgruppe	Tidspunkt	Ansvar
Forvaltnings- lova	Eksternt kurs	Alle nye rektorar	Ved behov	Kommunalsjef for oppvekst
	Intern gjennomgang	Alle rektorar	Ein gang i året	Kommunalsjef for oppvekst
		Alle lærarar	Ein gang i året	Rektor
Opplærings- lova	Intern gjennomgang	Alle nytilsette på skulen	Ved tilsetting	Rektor
		Alle rektorar	Ein gang i året	Kommunalsjef for oppvekst
		Alle lærarar	Ein gang i året	Rektor
Kommune- plan	Intern gjennomgang	Alle nytilsette på skulen	Ved tilsetting	Rektor
		Alle rektorar	Aug/sept, i samband med utarb. av handlingsprogram	Kommunalsjef for oppvekst
		Alle lærarar		Rektor
Økonomi- plan med handlings- program	Intern gjennomgang	Alle nytilsette på skulen	Ved tilsetting	Rektor
	Innspel i utarbeiding og høyrings-prosess	Alle rektorar Alle lærarar	Aug/sept	Kommunalsjef for oppvekst



	Intern gjennomgang etter vedtak	Tillitsvalde Alle rektorar Alle lærerar Tillitsvalde	Nov/des	Rektor Kommunalsjef for oppvekst Rektor
Intern-kontroll-systemet med rutinar	Intern gjennomgang	Alle nytilsette på skulen Alle rektorar Alle tilsette	Ved tilsetting  August	Rektor Kommunalsjef for oppvekst Rektor

### Fagleg kompetanse

Kommunen har "Plan for kompetanseheving i grunnskulen". (Vedtatt i Levekårsutvalet 23.04.2010, Sak 11/10). Planen skal reviderast årleg i forhold til kompetansebehovet.

Kommunen tildeler også midlar til kompetanseheving gjennom Arbeidsmiljøutvalet (AMU).

Rektor kartlegg behov for kompetanse på sin skule og melder frå til kommunalsjef for oppvekst.

Behov for kompetanse blir dekket gjennom etter- og vidareutdanning og ved utlysing og tilsetting.

### **11. Informasjonsflyt, rapportering og tilbakemeldingar**

Kommunen har rutinar i Internkontrollsystemet, som skildrar kva som skal rapporterast og kva ansvar den einskilde har.

Det er forventa at kvar leiar utfører det som er vedtatt i desse rutinane, og melder eventuelle avvik.

I tillegg blir det rapportert/ informert og gitt tilbakemelding gjennom årsmeldingar, tertialrapportar, dialogmøte, medarbeidarsamtalar, rektormøte og andre møte, halvårsrapportar for elevar med spesialundervisning, kartlegging for elevar som får grunnleggjande norsk m.m.

12.

### **13. Rette opp og forbetre**

Det er viktig at planar og etablerte eller skriftlege rutinar blir evaluert, både fortløpande og systematisk, slik at ting som ikkje fungerer kan bli retta opp eller justert. Ansvar for dette ligg på den einskilde leiar, men også på den einskilde arbeidstakar om å melde frå.

Tilsette må melde avvik til nærmaste overordna ved svikt i rutinar. Avviket blir så langt det er mogleg ordna av leiar. Viss dette ikkje fører fram, må det meldast vidare i systemet.

## 14. Årskalender

Kalenderen inneheld *aktiviteter for å vurdere og sikre kvalitet i forhold til oppfylging av lovverk*. I tillegg til dette kjem aktiviteter som kvar skule gjennomfører.

	Kommunalsjef for oppvekst	Rektor	Lærar
<b>August</b>	<p><u>Første rektormøte:</u>                      Informere/gå igjennom:                      Kommuneplan                      Budsjett og handlingsprogram                      Nytt i opplæringslova, forskrift og rundskriv                      Teiingsløfte                      Rutine for tilpassa opplæring og spesialundervisning                      Rutine for elevmiljø                      Gratisprinsippet                      Medverknad og rådsorgan                      mm</p> <p>Arrangere kursdag for alle tilsette</p>	<p>Informere personalet /gå igjennom:                      Kommuneplan                      Budsjett og handlingsprogram                      Nytt i opplæringslova, forskrift og rundskriv                      Teiingsløfte                      Rutine for tilpassa opplæring og spesialundervisning                      Rutine for elevmiljø                      Gratisprinsippet                      Medverknad og rådsorgan                      Lokale rutinar og planar</p> <p>Utarbeide verksemdsplan</p>	<p>Kvittere for lesing av rutinar og planar</p> <p>Utarbeide årsplanar og halvårsplanar</p>
<b>Sept</b>	<p>Arrangere kurs/seminar om forvaltning for skuleleiarane</p> <p>Budsjett og handlingsprogram diskusjon i rektormøte og ferdigstilling til politisk handsaming</p>		Gjennomføre nasjonale prøvar
<b>Okt</b>	Utarbeide og vedta skulerute		Gjennomføre nasjonale prøvar
<b>Nov</b>	<p>Dokumentkontroll</p> <ul style="list-style-type: none"> <li>- Spesialundervisning (Sakkunnig vurdering, enkeltvedtak, IOP, halvårsrapport)</li> <li>- Grunnleggjande norsk (kartlegging, vedtak)</li> <li>- Skulemiljø (enkeltvedtak, referat SMU)</li> <li>-</li> </ul>		
<b>Des</b>			
<b>Jan</b>		<p>Skolebasert vurdering                      Evaluere tiltak frå intern vurdering førre år                      Intern vurdering inneverande år</p>	
<b>Feb</b>	Rullere kompetanseplan	<p>Diskutere læringsresultat internt på skulen (nasjonale prøvar, eksamensresultat, grunnskulepoeng, kartleggingsprøvar, elevundersøkinga mm.)</p>	Gjennomføre obligatoriske kartleggingsprøvar i lesing og rekning i 1.-3. klasse

	Diskutere læringsresultat i rektorkollegiet (nasjonale prøvar, eksamensresultat, grunnskulepoeng, kartleggingsprøvar, elevundersøkinga mm.) Utarbeide tilstandsrapprt/kvalitetsmelding	Sende inn resultat frå obligatoriske kartleggingsprøvar til Oppvekst	
<b>Mars</b>	Dialogmøte med skulane Gjere vedtak om tildeling av ressursar til skulane Lyse ut ledige stillingar	Oppfølging etter dialogmøte	
<b>Apr</b>	Presentere årsmelding/kvalitetsmelding politisk Dialogmøte med politikarar (seminar om oppvekst) Starte arbeidet med handlingsprogram og budsjett	Kartleggje kompetansebehov hos personale/på skulen	
<b>Mai</b>	Arrangere skriftleg eksamen	Arrangere skriftleg eksamen	
<b>Juni</b>	Arrangere munnleg eksamen	Arrangere munnleg eksamen	Gjennomføre munnleg eksamen

## 15. Sjekkliste for opplæringslova med forskrifter

Oppvekstsjefer ser til at sjekklista blir gått igjennom kvart år og at nødvendig oppfølging blir gjennomført.

Oppvekstsjefer ser til at rutiner for konkrete oppgaver blir etablert, oppdatert og gjort tilgjengelig for dei som skal utføre oppgåvene.

O.L. = Opplæringslova R.S. = Rundskriv

Tema	Lov, forskrift	Sjekkpunkt / kommunen sin praksis	Internt dokument/ skriftleg rutine	Ansvarleg	OK Dato, sign. ansv.
Formålet med opplæringa	O.L. § 1-2	Kommunen har utarbeida overordna målsettingar for skulesektoren.	Kommuneplan og Budsjett med handlingsplan.	Rådmann/ Kommunalsjef for oppvekst	
Formålet med opplæringa	O.L. § 1-2		Verksemdsplan	Rektor	
Tilpassa opplæring	O.L. § 1-2	Kommunen har ein strategi for å tilpasse opplæringa til den einskilde elev.	Rutine for tilpassa opplæring og spesialundervisning	Kommunalsjef for oppvekst / Rektor	
Samarbeid med heimen	O.L. § 1-2	Skulen har rutinar som sikrar godt samarbeid mellom skulen og heimen		Rektor	
Rett og plikt til grunnskoleopplæring	O.L. § 2-1	Kommunen har rutinar for å registrere alle barn i skulepliktig alder og for oppfølging av barn som eventuelt ikkje møter til undervisninga.		Kommunalsjef for oppvekst / rektor	

Rett og plikt til grunnskoleopplæring	O.L. § 2-1	Kommunen har rutinar for handtering av søknader om tidleg eller sein skulestart		Kommunalsjef for oppvekst	
Omfanget av grunnskoleopplæringa i tid	O.L. § 2-2	Opplæringa er i samsvar med fag- og timefordeling Jfr. nasjonal forskrift		Rektor	
Omfanget av grunnskoleopplæringa i tid	O.L. § 2-2	Kommunen utarbeider og offentliggjør skulerute		Kommunalsjef for oppvekst	
Innhaldet i opplæringa	O.L. § 2-3	Opplæringa er i samsvar med gjeldande nasjonale og lokale læreplanar	Årsplanar, halvårsplanar, periodeplanar	Rektor/lærer	
Vurdering av elevane	O.L. § 2-3	Skolene har rutinar for gjennomføring av elevvurdering	Elevsamtalar, kontaktmøte, karakterar	Rektor	
Vurdering av elevane	O.L. § 2-3	Elevar og føresette blir informert om retten til å klage på vurderingane og klager blir handtert i tråd med forskriftene		Rektor	
Fritak frå delar av undervisninga	O.L. §2-3a R.S. F-8/05	Elevar og føresette blir informert om retten til fritak. Eventuelle søknadar etter gjeldande reglar.		Rektor/ Kommunalsjef for oppvekst	
Målformar i grunnskulen	O.L. § 2-5	Kommunen har vedtatt målform for skulane i kommunen.	Kommunalt vedtak	Rektor/lærer	
Språkopplæring for elevar frå språklege	O.L. § 2- 8	Kommunen har rutine for vurdering av behovet for		Rektor/	

minoritetar		særskilt norskopplæring og morsmålsopplæring og handtering av søknader		Kommunalsjef for oppvekst	
Ordensreglement	O.L. § 9 A - 10	Kvar skule har eige ordensreglement. Elevar og føresette blir informert om reglementet.	Reglement for kvar skule.	Rektor/lærer	
Permisjon frå den pliktige opplæringa	O.L. § 2-11	Skulen har rutine for vurdering av søknader om permisjon frå undervisninga.	Kommunalt delegasjonsvedtak	Rektor/ Kommunalsjef for oppvekst	
Rettar for blinde og svaksynte	O.L. § 2-14	Blinde og svaksynte blir informert om, og får tilfredsstilt sine særskilte rettar.		Rektor	
Rett til gratis offentlig grunnskuleopplæring	O.L. § 2-15	Skulen krever ikkje eigenbetaling av føresette for aktivitetar som går føre seg i skulen sin regi.		Rektor	
Opplæring spesielt for vaksne	O.L. § 4 A	Vaksne blir ved forespørsel informert om retten til grunnskuleopplæring og spesialundervisning.		Kommunalsjef for oppvekst	
Opplæring spesielt for vaksne	O.L. § 4 A	Vaksne med rett til opplæring, får et tilrettelagt tilbud.		Kommunalsjef for oppvekst	
Rett til spesialundervisning	O.L. § 5-1	Skulen har kartleggingsrutinar for å avdekke behov for spesialundervisning.	Rutine for tilpassa opplæring og spesialundervisning. SOL (Systematisk observasjon av lesing)	Rektor/lærer	
Rett til spesialundervisning	O.L. § 5. 3-5	Elevar med rett til spesialundervisning, får innvilga		PPT-leiar/rektor	

		spesialundervisning.			
Pedagogisk-psykologisk teneste	O.L § 5-6	Kommunen har eiga PP-teneste		Kommunalsjef for oppvekst	
Rett til spesialpedagogisk hjelp før opplæringspliktig alder	O.L. § 5-7	Barn under opplæringspliktig alder som har særlege behov for spesialpedagogisk hjelp, får slik hjelp.		Kommunalsjef for oppvekst	
Skyss og innlosjering	O.L § 7-1	Elevar i 1. klasse med meir enn 2 km skoleveg , i 2. – 10. klasse med meir enn 4 km skoleveg, får gratis skyss.		Rektor	
Skyss – farlig skolevei	O.L § 7-1	Elevar med særlig farlig skuleveg får gratis skyss etter kommunalt vedtak.	Kommunestyrevedtak	Rektor	
Skyss – funksjonshemma og midlertidig skadde elevar	O.L § 7.3 + 7.4	Funksjonshemma og midlertidig skadde elevar får gratis skyss og reisefølge/tilsyn ved ventetid uavhengig av lengda på skulevegen.		Rektor	
Tilsyn	O.L § 7.5	Skulane har fast inspeksjonsordning før og etter undervisningstida.		Rektor	
Skyss for førskulebarn som får spesialpedagogisk hjelp	O.L § 7.6	Barn under opplæringspliktig alder som har rett til spesialpedagogisk hjelp får gratis skyss etter særskilt vurdering.		Kommunalsjef for oppvekst	



Organisering av skulestrukturen	O.L. § 8-1	Kommunen har vedtatt skulestruktur	Felles ungdomsskule unntatt Nesflaten – kommunestyrevedtak des. 2008. Kommunen har ikkje vedtatt forskrift for skulekrinsgrenser.	Kommunalsjef for oppvekst	
Organisering av elevar i grupper	O.L § 8-2	Elevane er organisert i pedagogisk og tryggleiksmessig forsvarlege grupper, og kvar elev er knytt til ein kontaktlærer.	Klasselister med kontaktlærer	Rektor	
Skuleleiing	O.L. § 9-1	Kvar skule er leia av ein rektor som har fagleg, pedagogisk og administrativ kompetanse.		Kommunalsjef for oppvekst	
Rådgeving	O.L. § 9-2	Elevane har tilgang til nødvendig rådgeving om utdanning, yrkestilbud og yrkesval og om sosiale spørsmål.	Felles yrkesrådgjevar for kommunen. Sosiallærer på u-skulane.	Rektor/ Kommunalsjef for oppvekst	
Skulebibliotek	O.L. § 9-2	Alle skulane har skulebibliotek.		Kommunalsjef for oppvekst / rektor	
Utstyr	O.L § 9-3	Skulen har tilgang til nødvendig utstyr, inventar og læremiddel.		Kommunalsjef for oppvekst / rektor	
Lærebøker og andre læremiddel	O.L. § 9-4	Skulen har læremiddel som er i samsvar med læreboknormalen og som er tilgjengelige på dei målføre som føresette/elevane ønsker.	Felles læreverk for alle skulane i kommunen. Alle elevane i ungdomsskulen har bærbar PC. Barneskulen har fire elevar pr. PC.	Kommunalsjef for oppvekst / Rektor	

Skuleanlegg	O.L. § 9-5	Kommunen har tjenlige anlegg ved alle skolene.		Kommunalsjef for oppvekst / Rektor	
Alkohol	O.L. § 9-5	Det er forbudt å nyte alkohol og andre rusmiddel ved alle skulane i kommunen.	Ordensreglane på kvar skule	Rektor	
Verkeområde	O.L. §9A-1	Kapitlet gjeld òg for elevar som deltek på leksehjelp og SFO			
Rett til trygt og godt skolemiljø	O.L. § 9A-2	Kommunen har rutinar for å vurdere elevane sitt psykososiale miljø, handtere eventuelle klager og sette inn tiltak når det er nødvendig.		Rektor	
Null toleranse og systematisk arbeid	O.L. § 9A-3	Skulen har rutinar for å fange opp og handtere tilfelle av mobbing, diskriminering, vold eller rasisme.  Kommunen har eit internkontrollsystem med felles rutinar for heile kommunen og spesielle rutinar for skule	Lokalt bruk av program mot mobbing (Zero). Lokale handlingsplanar mot mobbing. Manifest mot mobbing.  Internkontrollsystemet	Rektor	
Aktivitetsplikt	O.L. § 9A-4-6	Skulen har rutine for å følgje opp aktivitetsplikta når elevar ikkje har eit trygt og godt psykososialt skulemiljø	Varslingsskjema Aktivitetsplan	Alle tilsette på eininga / rektor	
Det fysiske miljøet	O.L. § 9A - 7	Kommunen har rutinar for å vurdere elevane sitt fysiske miljø, handtere eventuelle klager og sette inn tiltak når det er nødvendig		Rektor	

Elevmedverknad i skulemiljøarbeidet	O.L. § 9A-8	Elevane er representert i skulemiljøutvalet		Rektor	
Informasjonsplikt og uttalerett	O.L. § 9A-9	Samarbeidsutval, skulemiljøutval, elevråd og foreldreråd får aktuell og nødvendig informasjon i saker som gjeld skulemiljøet.		Rektor	
Kompetansekrav til undervisningspersonell	O.L. §10-1	Undervisningspersonell som blir tilsett i skulen, har relevant fagleg og pedagogisk kompetanse.		Kommunalsjef for oppvekst / rektor	
Utlysing av stillingar	O.L. §10-4	Kommunen lysar ut undervisningsstillingar og rektorstillingar offentleg, med nokre unntak som er omtalt i lova.		Kommunalsjef for oppvekst/ rektor	
Kompetanseutvikling	O.L. §10-8	Kommunen tek ansvar for å ha rett og nødvendig kompetanse i verksemda, og sørgjer for kompetanseutvikling i samsvar med sentrale føringar.	Kompetansehevingsplan Stipend til studentar og nytilsette Rettleiing av nyutdanna lærarar	Kommunalsjef for oppvekst / Personalsjef	
Politiattest	O.L. §10-9	Kommunen krev at den som skal tilsetjast i grunnskulen, legg fram politiattest.		Kommunalsjef for oppvekst / Rektor	
Samarbeidsutval	O.L. § 11-1	Alle grunnskulane i kommunen har samarbeidsutval sett saman etter gjeldande lov og forskrift.		Rektor	

Skulemiljøutval	O.L. § 11-1a	Alle grunnskulane i kommunen har skulemiljøutval Sett saman etter gjeldande lov og forskrift.		Rektor	
Elevråd	O.L. § 11-2	Alle grunnskulane i kommunen har elevråd		Rektor	
Foreldreråd	O.L. § 11-4	Alle grunnskulane i kommunen har foreldreråd med vald arbeidsutval.		Rektor	
Ansvar for grunnskuleopplæring og spesialpedagogisk hjelp	O.L. § 13-1	Kommunen har rutinar for å sikre at alle som bur i kommunen får innfridd retten til grunnskuleopplæring og spesialpedagogisk hjelp.		Kommunalsjef for oppvekst	
Skulefagleg kompetanse på kommunenivå	O.L. § 13-1	Kommunen har tilsatt oppvekstsjef		Rådmann	
Ansvar for skuleskyss	O.L. § 13-4	Kommunen har vedtak som sikrar elevar rett til skuleskyss dersom dei har farleg eller vanskeleg skolevei	Kommunestyresak	Kommunalsjef for oppvekst	
Tilbud om musikk- og kulturskole	O.L. § 13-6	Kommunen har eigen kulturskule		Kommunestyret	
Tilbud om skulefritidsordning	O.L. § 13-7	Kommunen har tilbud om skulefritidsordning for barn i 1.-4. klasse og for barn med spesielle behov i 1.-7. klasse.	Standard for skulefritidsordninga.	Kommunestyret	

Innhald og organisering av skulefritidsordninga	O.L. § 13-7	Skulefritidsordninga har vedtekter som skisserer innhald og organisering.	Standard for skulefritidsordninga.	Kommunalsjef for oppvekst	
Plikt for kommune til å ha tilbod om leksehjelp	O.L. § 13-7a	Kommunen har tilbod om gratis, frivillig leksehjelp for elevar på 1.-4. årstrinn.		Rektor	
Ressursar til opplæringa	O.L. § 13-10	Kommunen stiller gjennom årlege budsjettvedtak nødvendige ressursar til disposisjon for gjennomføring av opplæring pålagt i opplæringslova.	Budsjett- og økonomiplan	Kommunestyret	
System for kvalitetsvurdering	O.L. § 13-10	Kommunen har eit system for vurdering av om krava i opplæringsloven blir oppfylte, for vurdering av kvaliteten på opplæringa og for å følgje opp resultatane fra desse vurderingane.	Kvalitetsvurderingssystem for grunnskulen i Suldal	Kommunalsjef for oppvekst	
Tilsyn og kontroll	O.L. § 14-2	Kommunen fører tilsyn med den pliktige opplæringa for barn og unge som ikkje går på skule.		Kommunalsjef for oppvekst	
Bruk av forvaltningslova	O.L. § 15	Kommunen sin verksemd i samband med grunnskuleopplæringa er i samsvar med forskriftene i forvaltningslova.		Rektor / Kommunalsjef for oppvekst	
Opplysningsplikt til barnevernstenesta	O.L. § 15-3	Personalet ved skulane er gjort kjend med at de på eige	Personalet blir informert ein gong pr år.	Rektor/lærer	

		<p>initiativ skal gi opplysningar til barnevernstjenesta når det er grunn til å tru at born blir mishandla eller at det er andre formar for alvorleg omsorgssvikt.</p>			
<p>Opplysningsplikt til sosialtjenesta</p>	<p>O.L §15-4</p>	<p>Personalet ved skulane er gjort kjend med at de på eige initiativ skal gi opplysningar til sosialtjenesta, etter godkjenning fra eleven, eventuelt fra føresette i saker som er avgrensa av taushetsplikten.</p>	<p>Personalet blir informert ein gong pr år.</p>	<p>Rektor/lærer</p>	